



FISKERIDIREKTORATET

Strandgaten 229, Postboks 185, 5002 BERGEN
Telex 42 151 • Telefax 55 23 80 90 • Tlf. 55 23 80 00

MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN J-24-97

Bergen, 10.2.1997
TH/BS

FORSKRIFT OM SAMANSLÅINGSREGIONAR INNANFOR EININGSKVOTEORDNINGA FOR TORSKETRÅLARFLÅTEN

Med heimel i forskrift av 11. oktober 1996 om einingskvoteordning for torsketrålarflåten § 6 andre leden har Fiskeridepartementet den 6. februar 1997 fastsett følgjande forskrift:

§ 1

Tildeling av einingskvote for reiarlag med fartøy i gruppene nemnt i forskrift av 11. oktober 1996 om einingskvoteordning for torsketrålarflåten § 4 første leden bokstav b og c kan skje når det uttatte og det attverande fartøy er heimehøyrande i anten:

1. Nordland sør for Vesterålen og Lofoten
2. Vesterålen
3. Lofoten
4. Troms
5. Vest-Finnmark
6. Aust-Finnmark

§ 2

Denne forskrifta trer i kraft straks.

